



## FRÅ SAMTALER I EI UTSTILLINGSTID

På 1950 - og 60talet fekk mange familiar råd til å kjøpe seg bil. Dette førde til ein auka reiseaktivitet. I glad feriemodus pakka far og mor telt, primus og sovepose i grind på taket, eller under panseret på den vesle Folkevogna. Ein tok seg turar til slektningar og vener, til kjende og ukjende stadar, nokre så langt som over grensa til Sverige. Eit nytt fenomen oppstod: camping. Campingplassar med plass til ferierende teltefolk vart etablert; dei første med eller utan toalett og vassforsyning. Utover på 60 - talet kom det til sanitærbygg, ein kiosk – og enkle campinghytter. Standarden var 4 køyer, 1 dør og gjerne 2 glas. Ein liten veranda høyrde til, og inne var det både stol, bord og kokeplate. Luksusliv for dei som hadde bra økonomi, om desse ikkje hadde kjøpt seg eiga campingvogn, då.

Luktene, lydane og smakane frå barndommens feriar i bil sit sterkt att, dei er ein del av opplevingane. Snurring og joikakaker frå boks sjølvsagt, middagen skulle være lett vint så mor også fekk litt fri! Uknuselege plastallerkar i sterke fargar for Sunda, fårepølse og kjøpebrød. Alt servert på campingbord med samanleggare bein som ein slo opp på 1 – 2 – 3. Godt innsmurt med Nivea solkrem vagla vi oss rundt på små ”slå – opp” - krakkar med segl dukstrekk.

Tannpuss og vask med LUXsåpe og vaskeklut ved svart vass-slange på stativ. Klesplagg til tørk på teltsnorene, og susinga av det skumle propanapparatet som berre far hadde lov til å styre med. Lyden av teltpuggar som vart slått i jorda med passande steinar, og den rå lukta av jord og rust når ein drog dei opp att. Iherdig pumping av luftmadrasser - vi låg tett i tett, og soveposane var fylt med dun og hadde rutete flannelsfor. Vi fekk sove i dei blå og kvite treningsdraktene i mjuk jerseybomull som var dåtidas ferieklede. Behagelege og praktiske! Lenge før grilldress og joggesko, dette.

Kva gjorde vi på? Hugsar ikkje, leika oss vel som vanleg; dragsa rundt på Kurèrreiseradioen, las frøken Detektiv og fekk nye vener som vi kanskje skreiv brev til etter at vi kom heim. Og så gikk vi rundt og samla bilnummer. (Det ga høg status å ha utenlandske nummer i notisboka!) Og besøkte bjørnane Pekka og Lisa på Filefjell. I truleg veldig sakte fart suste vi fram på støvete grusvegar og fjellovergongar, utan bilbelte.

Kvifor fortel eg om campingliv i Norge i etterkrigstida? Jau, fordi eg i sommar kom til å bu eit par dagar på ein vakker campingplass like under ein bre. Breen og fjella var dei same som sist eg var her, dei har vore til stades lenge. Campingplassen har også vore her ei stund, den bar tydelege spor av fleire tiår i tid, frå det nye resepsjons- og servicebygget med kaffibar og internettkafé frå siste ombygging, og med aktivitetsprogram og overnattingsbustadar - til nokre små og forsagte, men velhaldne hytter frå første etableringsfase. Eg vart både letta og glad over gjensynet med sistnemde. Gje meg den minste og enklaste hytta de har, sa eg til han i resepsjonen.

Han ga meg nr.7, som viste seg å være ei nesten autentisk innreidd 1970 - talshytte med både veranda og panoramaustikt til brefallet. Høgt over meg skein ei stor gul sol frå ein skyfri himmel. Eg smurde meg inn med solkrem, bretta ut liggeunderlaget, og tok fram min raude reiseradio. Posethaisuppe med nudlar stod på menyen til seinare. Dette skulle bli bra! Eg lukka augene i solsteiken og let minnene strøyme på.

Standarden i hytta var god, vil eg seie. Akkurat det eg trong for eit høgverdig sommaropphald her. Velstanden auka sterkt utover på 1960-talet. Simple kokeplater vart erstatta med minikomfyr, og kjøkendisken fekk ansiktsløfting med marmorert respatex. Innlagt vatn, i mi

hytte berre kaldt. Kjørelid og kokekar og praktiske skåp for oppbevaring av mat og sengetøy er på plass. Spegel på veggen med glasbrett stort nok til tannkosten, solkremen og hårbørsta også. Fortsatt plass til 4 personar, men på ein annan måte (ikkje så åpenlyst). 1 køyeseng, og to senger som stod i vinkel mot kvarandre som sofagruppe. Og teakbord framfor. Trekk og gardiner i variert fargeutval og konkurrerande mønsterkomposisjonar. Billeg, liggande granpanel på veggane matcher det gjennomført spinkelt bygde inventaret.

Ei snacksy sekskanta lampe heng ned frå taket over bordet. Ei "Scandinavian Look"- look – alike – lampe, grovrustikk stil. Ein slags etterlikning av dei populære sponlampene som hang i dei fleste heimar ein periode. Sponet var blitt til plast, men for å behalde den rustikke stilen, var det sett inn ein dreia trepinne i kvart hjørne. Rundt stasen var det trekt ein grovvevd syntettekstil i mørkegrønt og kvitt.

På golvet belegg med furupanelavtrykk, og på døra av alle stadar: blårosete fliser i vinyl. Alt saman tvers igjennom falskt - berre plastfillerya mangla. Og ho med morgonkåpa og rullane i håret. (Å nei, DET var no tiåret før. ) Storstygt alt saman, - men så nært – og så kjent. Så innmari trendy akkurat no.

Det var ein "imitasjonsestetikk" vi vaks opp med, konkluderer eg, kva var det som ikkje var fake? Berre ein ting såg ut som noko anna, så var det fint. Det var sjølve etterlikninga som var det fine. Dette ser jo akkurat ut som marmor, sa dei – så nydeleg! Tre gjorde seg best med speilblank overflate, og det som før hadde vore tungt og solid, vart no lett. Teflonlett. Ein hang ikkje lenger opp heimehekla gardiner i bomull, men liksomhekla på maskin i vektlaus metervarenylon. 100 timar handarbeid spart, og den nye tekstilen er lettare "å halde". Skal berre skyllast opp og tørkar på nokre minutt. For husmora måtte dette vere uimotståeleg, og ho fortente å få det lettvindt og praktisk. Handa var ikkje lenger like nødvendig i produksjonen, og kven ville nett då sjå kvaliteten og ikkje minst autensiteten i det som forsvann? I den nye velferdsstaten var det viktig å vise at ein ikkje trong å omgje seg med heimelaga ting, at ein hadde råd til å kjøpe nytt. Bort med det gamle rasket, verda går då framover! Det heimevovne og heimesnekra minte kanskje for mykje om tider ein ikkje ville hugse, alt det fysiske slitet, og skamkjensle over det som kunne oppfattast som umoderne.

Opphevinga av bilrasjoneringa i 1960 markerte overgangen frå attreisingstid med eit nøkternt levesett til eit økonomisk friare liv og ein meir aktiv måte å leve på. Ny teknologi og masseproduserte billige varer kom fleire til gode, vekst og velferd skulle sikrast for flest mogleg. Godt var det. På 1970-talet forsvant også det materialbaserte sløyd - og handarbeidsfaget ut av skulen.

Det var lampeframtoninga som gjorde mest inntrykk, den var rålekker camp - kitsch. Ein lekkerbisen for Audgunn, som nok hadde falt i staver over den usjenert vulgærestetiske formgjevinga og materialbruken. Lamper i tre kombinert med tekstil blir noko av det nye ho vil vise på denne utstillinga. Dei er kanskje eit resultat av at ho også har vore oppteken av sløyd og handarbeidsfenomènet på skulen i denne perioden. Gutane for seg, jentene for seg, og kvart kjønn spesifikke materialer tiltenkt strengt adskilte bruksområder. Det skulle syast og strikkast, det skulle høvlast og sagast. Det handla om oppdragelse, flid og nyttetenking i god protestantisk ånd. Kjønnssrollene var enkle og ukompliserte.

At kunsthandverkarar kombinerer tre og tekstil er ikkje noke nytt, fleire har gjort det før, eller gjer det same. I denne samanheng kan nemnast korstingsbordet til Lars Sture (1999, utan tittel), der det ved første blick ser ut til at han gjer det umoglege mogleg: å penetrere tre med mjuk tråd. Det mjuke mot det harde, det feminine mot det maskuline. Bordet med lampe og eit broderistykke som er forlatt seier også noko om kvinnesyslar, om tradisjon og dei nyttige tinga som vart produsert heime. I dette verket er både bordet og broderiet fråteken sine nyttefunksjonar, innhaldet stemmer ikkje med det tinga konnoterer. Det mjuke mot det harde

ser vi også hos John K. Rustein, han bruker broderi til å problematisere kjønnsproblematikk på ein humoristisk måte. ”Iron Men” frå 2002 gjer nettopp det: Eit stort handbor er brodert på eit strykebrett med maskinsaum. Rausten har også brodert maskuline motiv på puter ( ”handyman puter” med blonder), handkle og dukar, tekstilar som finns i heimemiljøet.

Lamper med løvsagmotiv i kryssfinèr trekt med trykt stoff, er Audgunn si greie nett no. Ordet prefabrikat smakar også godt, og heimeproduksjon i småskala. ”Gjør - det – selv”- objekt med monteringsrettleiing kan bli resultatet. Interessante ord som ”flid”, og verdien av prøvelappar blir diskutert på møta våre. Til inspirasjon har ho fått låne prøvelapp - permene til pensjonert saumlærer Astrid Veiteberg i Holsen frå skuleåret 1964 / 65 då ho var elev ved ”Selskabet til Håndarbeidets Fremme” i København.. Permene framviser ein grundighet innanfor fagopplæring som er hinsides alle krav til lønsomheit i ei produktframstilling. Ting som dette appellerer til Audgunn sin uthaldenheit og systematiske perfeksjonisme. Puritanismen og nøyaktigheten som speglast i desse permene gjer ein svimmel av beundring og respekt. Kva er den verdt, den tida det tek å lære seg eit fag, den lange tida til å bli flink og til slutt meistre ei teknisk og handverksmessig utfordring?

Audgunn si lykke over å ha teke seg tid til å lære seg noko heilt nytt i denne tida er stor. Ho har utforska ein lite brukt, men godt kjend teknikk innanfor området tresløyd: arbeid med lauvslag. Etter eit halvt års arbeid med prøving og feiling og ikkje heilt tilfredsstillande resultat, kom proklamasjonen: NO kan eg det! No kan eg sage ut kva det skal være, det går utruleg fort, og det blir så presist at eg knapt treng å pusse kantane meir!

Motivkretsen til lampene er gjerne henta frå bilete i gamle ukeblad, dei blir no til klisjefylte symbol på ei tid som berre fins som brotstykke i minnet. Vi levde då, men tidsepoken er over – saman med barndommens lukter og lyder. Men dei finnast ein plass, lagra i skuffer og skåp, i stablar på loftet, og inne i oss sjølv. Denne tida hadde sine egne draumer og forestillingar, og desse går det an å fabulere over. Arbeida mine skal ha eit uhøgtideleg preg, seier Audgunn sjølv. Eg leikar meg med estetikk frå ei anna tid og med eit anna materiale, eg vil lefle med trendar og ”low art”- omgrepet. Eg vil arbeide med populærkulturelle motiv og uttrykksformer, til bruk på heimlege rekvisittar. Og eg har ein hemmeleg draum om ein gong å bli eigar av ei autentisk dråpeforma 50-tals campingvogn.

Det er lenge sidan Audgunn forlet dei store trykte flatekomposisjonane som var hennar faglege og kunstnarlege alibi. Ho har blitt høgt verdsett for desse, både med offentlege innkjøp og utsmykkingsoppdrag. Men ho har bevega seg langt bort frå dei store flatene, arbeida har blitt mindre – og formene annleis. Ho har tatt steget frå kompliserte komposisjonar til stram enkelheit – nesten puritansk. På ei utstilling tidlegare i år stilte ho ut runde ”veggputer”. Prikkar og sirkclar i dryss eller organisert samanstilling har ei stund vore i fokus for kunstnarleg bearbeiding. Dei er med også på denne utstillinga, og veggputeidèen er blitt vidareutvikla. I det siste har tilfeldige effektar som oppstår i ein elles kontrollert farge- eller trykkeprosess blitt ei ny estetisk utfordring.

Trur det er dette med handverk det handlar om denne gongen. Og sjølv sagt om tid. Og det taktile. Evna til å erfare kunnskap avheng ikkje berre av å sjå og høyre, men også og ta på. ”Å ta på verda er å kjenne verda”. Ordet taktil kjem av latin tactus: det å røre ved. Denne sansinga gjennom det taktile er den same som Walter Benjamin snakkar om i nokre av sine essay, m.a. i ”der Erzähler”( Forteljaren). Handa med sin følelsessans står sentralt i hans forståing av erfaring, eller meir eksakt i det å redde eller gjenvinne erfaring som er truga av gløymse eller forsvinning. Ekte erfaring er for han kunnskap om det nære, erverva gjennom bruk av hendene: ”Fingrer som rører ved teksturene i verden og bringer kunnskapen om dens beskaffenhet vidare”. Obs, tru likevel ikkje at dette handlar om nostalgisk, frustrert lengsel

attende til ei anna tid og det tapte Handwerk (det gjorde det heller ikkje hos Benjamin, sjølv om han var ein av dei første framskrittsskritikarane).

Vi er nok ikkje heilt avhengige av erkjennelsesfilosofi for å forstå dette med handelag og stofflegheit. Som kunsthandverkarar veit vi ganske mykje om tilhøvet mellom ting og menneske, og om levande erfaring som sit i hendene – den tause kunnskapen. Ein kan også sjå på kunsthandverk som ei forteljing. I ei ekte forteljing spelar handa ei rolle. Men verksemda som omga forteljinga finns kanskje ikkje lenger. Fortida er ein annan stad og ein annan kultur. På mystisk vis er vi som er her no ein del av denne andre samanhengen. Kan vi forresten teoretisere eller føre ein diskusjon om kunsthandverk utan også å ha ei djupare forståing av den sanslege dimensjonen som ligg i sjølve framstillinga av det?

Å lage eit objekt handlar om bearbeiding, behandling og rekonstruksjon av erfaring. Og å trekke tråder frå minner. Difor alt dette campinglivsnakket. Samanhengen kan også formulerast slik: ”Fortida er gjenstand for ein konstruksjon i nåtida og nåtida er fleitråda, gjennomvevd med fibrer frå fortida.”<sup>1</sup> I Audgunn sine arbeid er det ingen romantisk tilbakeskuande handverksnostalgi, det er heller eit forsvar for noko. Noko som også angår samfunnet og om kva og korleis ting vi omgjer oss med blir produsert. Om profit - tenking og kortsiktige politiske løysingar. ”Trist at det ikkje løner seg produsere noko i Norge lenger, seier ho. Kva er verdifullt? Kva er viktig å bruke tid på? Det er problematisk å legitimere den tida ein brukar på å jobbe fram alt dette med hendene og tankane, ein strever mot kjensla av meiningsløyse – og det anakronistiske i for eksempel å skulle tenke nytte- og bruksting.

Ein staheit, men den er ikkje bakstrebersk. Det har blitt ei fruktbar blanding av tradisjon og eksperiment. Ein montasje av fragment ...brotstykke ...som ber i seg nokre samfunnsmessige verdiar og samstundes heilt nye forestillingar. Her er også eit forsvar for noko som glipp. Noko som ikkje vert sett eller oppfatta. Noko svært viktig. Det er ”håndens overflødigheit i produksjonen” for å komme tilbake til den før nemde Benjamin. I ”der Erzähler” siterer han sjølv Paul Valéry: ”...alle disse tålmodighetsproduktene, produktene av strev, flid og forsakelse, er i ferd med å forsvinne, den tid er forbi da tiden ikke betydde noe. Det moderne mennesket arbeider utelukkende med det som lar seg forkorte” (Valéry skriv om miniatyrarbeid, men det lar seg lett overføre). Dette vart sagt ein gong på 1930-talet. Kor langt er det mulig å forkorte ein verdi?

Det er også noko anna: Ikkje alt kan uttrykkast teoretisk gjennom språket, som påstandar og definisjonar. Noko kan berre formidlast gjennom det som er laga.

Jølster i september 2005.

Grete Huus, **mnk**  
konsulent for utstillinga

<sup>1</sup> Dette sitatet og fleire referansar til Walter Benjamin er henta frå ein artikkel av Esther Leslie: ”Drømmer, leketøy og fortellinger” i tidsskriftet Norsk Kunsthandverk 2/98.